



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-34

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet		

" Din helse, din framtid"

Saksframlegg godkjent .

Bakgrunn for saka

Gjennom samtalar med ungdom i skulehelsetjenesten og fysioterapitjenesten har ungdom kome med spørsmål knytta til eiga helse. Ungdom fortel at det kan vere vanskeleg å tolke kroppens symptom og plager. Ungdom veit ikkje kor dei kan finne god informasjon. I samarbeidsmøte i fysioterapitjenesten har det kome fram at det er fleire ungdommar enn tidlegare, som oppsøker dei private fysioterapeutane grunna smerter og kroppslege plager.

Fysioterapeutar(private) med driftstilskot, skal i utgangspunktet ikke jobbe med helsefremmande tiltak. Difor tok kommunal fysioterapi kontakt med helsesjukepleiarar og vidaregåande skule for å sjå på kva kommunen kan gjere for å møte ungdommen sine behov.

For å sikre at tiltaka som blir satt i gang passar ungdommen i Tokke, er medverknad gjennom ungdomsrådet ein viktig del av førebuingane

Konklusjon

Som representantar for ungdomsrådet er det viktig og ynskeleg at de får medverke i utviklinga av dette prosjektet. Innspela frå dykk skal nyttast gjennom heile prosessen frå oppstatsfasen til slutfase.

Fysioterapeut Sigrid Michaelsen Aarsland kjem og orienterar om prosjektet.

Kommunedirektørens tilråding

Det er viktig og bra at Tokke ungdomsråd får medverke i utvikling av eit nytt helsefremmande prosjekt som har som mål å auke helsekompetansen hos ungdommen. Kommunedirektør er positiv til at fysioterapeut Sigrid Michaelsen Aarsland kjem og orienterar om prosjektet.